

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/2663-1

Utgreiing om framtidretta tannhelseteneste

Innspel til utgreiinga om framtidretta tannhelseteneste vert lagt fram i møtet frå medlemmene i fylkesrådet.

Vedlegg:

Utgreiingsrapporten «Tannhelsetenesta – framtidretta klinikk- og tenestestruktur»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Utgreiingsrapporten [«Tannhelsetenesta – ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur»](#) syner korleis ein kan utvikle ein moderne og kvalitetsorientert tenestestruktur for tannhelsetenesta fram mot 2019. Målet med omstillingsarbeidet er å utvikle ein klinikk- og tenestestruktur som kan gje innbyggjarane i Sogn og Fjordane stabile, offentlege tannhelsetenester av høg fagleg kvalitet.

Rapporten syner korleis ein kan utvikle ein moderne og kvalitetsorientert tenestestruktur for tannhelsetenesta fram mot 2019.

Målet med omstillingsarbeidet er å utvikle ein klinikk- og tenestestruktur som kan gje innbyggjarane i Sogn og Fjordane stabile, offentlege tannhelsetenester av høg fagleg kvalitet. Arbeidet er ein del av SFJ 2019, omstillingsprosjektet i fylkeskommunen fram mot 2019.

Utgreiinga syner eit årleg økonomisk innsparingspotensiale for tannhelsetenesta på elleve millionar kroner. Innsparinga skal takast innanfor det samla budsjettet for tenesteområdet. Her har utgreiinga sett nærare både på klinikkstrukturen og reduksjon i bemanninga innanfor administrasjon og leing.

I dag er det offentlege tannhelseklinikkar i kvar kommune i fylket, i nokre kommunar fleire klinikkar. Andre fylke vi kan samanlikne oss med har eit klart høgare tal innbyggjarar per tannklinikkk. Utgreiinga foreslår ein ny klinikkstruktur der ein går frå 28 til 17 tannklinikkar frå 1. januar 2018.

Denne modellen følgjer ein nasjonal moderniseringstrend innanfor tannhelseområdet, der ein legg vekt på fagleg utvikling og ei meir samordna rekruttering til attraktive fagmiljø. Brukarane vil og oppleve meir stabile tenester ved t.d. ferieavvikling og sjukefråvær, større tilgjenge med utvida opningstider og utvikling av tenestene med omsyn til kvalitet og utstyr

Høringsfristen er 18. mars 2016.